

Stadfesting mottak brukt kunstgras frå Nordhordlandshallen


I samband med rehabilitering av dekket i Nordhordlandshallen hausten 2017, stadfestar Lindås kommune at kommunen tek imot 440 kvadratmeter brukt kunstgras frå hallen. Kunstgraset vert henta utanfor Nordhordlandshallen i byrjinga av oktober 2017, på rullar à 2X22 meter.

Særlege omsyn i høve miljøkrav for kunstgras og gummigranulat:

Mottakar stadfestar å vera kjent med problematikken kring mogleg ureining frå brukt kunstgras og gummigranulat. Vidare er mottakar kjent med at Miljødirektoratet har sett i verk eit arbeid som kan medføre nye krav til handtering av brukt kunstgras og gummigranulat i framtida.

Lindås kommune tek på seg ansvaret for å levera det brukte kunstgraset og gummigranulaten frå Nordhordlandshallen til godkjent mottak, etter dei reglane som måtte gjelda på det tidspunkt kor kommunen ikkje lenger skal nytta graset. Det inneber at entreprenøren Veidekke er fri frå alt ansvar for det brukte kunstgraset frå det tidspunkt kor kommunen har henta dette.

Knarvik 29.09.2017



For Lindås kommune

Therese Urdahl Braseth, einingsleiar eigedomseininga